



I Kvinnheradmagasinet finn ein mellom anna ein reportasje om ungdomslagshytta Fjelly - med dette biletet av andreklassa frå i fjor som er på besøk.

Uskedalen er omtala i Kvinnheradmagasinet med bilete,redaksjonelt stoff og lysingar.

Mot 10 sider i fjor er bygda vår inne med 5 sider i årets magasin.

Dette skuldast noko svakare interesse frå næringslivet til å delta med profilannonsar og anna stoff. Sommarbygda Uskedalen er likevel sterkt profilert i magasinet med eit opplag på 50 000 distribuert på strekninga Stavanger – Bergen og sendt til alle husstandar i Kvinnherad og nabokommunane.

Ola Matti Mathisen og Kristian Bringedal har vore kontaktpersonar inn mot ansvarleg utgjevar Prinfo Media. Det vakre hovudmotivet på uskedalssidene er eit fotografi av Knut A. Myklebust teke frå Ådnaklett, mot Eik, elvosen, sentrum med båthamnane og campingplassane.

Uskedalselva, den beste fiskeelva i Kvinnherad, er med. Ein kritisk lesar vil finna feil i fiskekortprisane. Dette skuldast ei mistyding og er alt retta på informasjonsarka, oppslag og i det som går ut av informasjon om Uskedalselva og fiske 2010.

Kvinnheradmagasinet vert i sommar delt ut til turistar og gjester. Magasinet er lagt ut på sentrale stader i Uskedalen.